

HELSE VEST RHF
Postboks 303
4068 STAVANGER

Att.Gina Beate Holsen

Dykkar ref.: 2024/461 -
5014/2024

Vår ref.: 2024/2645 - 18439/2024

Saksbehandlar:
Guro Vik Kvalsund

Dato:
24.05.2024

Høyring om endringar av nivåkrav - opptaksforskrifta ([Forskrift om opptak til høgare utdanning - Lovdata](#)) og **PPU-forskrifta** ([Forskrift om rammeplan for praktisk-pedagogisk utdanning - Lovdata](#))

Høyringsinnspellet vert sendt Helse Vest RHF for samordna innspel, jamfør brev frå 30.04.24.

Helse Førde takkar for høvet til å svare på høyring om endring av nivåkrav. Vi vel å berre kommentere framlegg som gjeld nivåkrava på bachelor sjukepleie.

Nivåkrav for sjukepleiarutdanninga blei for nokre få år sidan innført. Føremålet var auka gjennomføring i utdanninga og å gje betre yrkeskvalitet hos sjukepleiarar. Omsynet til pasienttryggleiken var sentralt.

Departementet si vurdering er at det er lite som tyder på at ein har oppnådd betre gjennomføring og kvalitet ved å innføre nivåkrav, og det er uklart om nivåkrava faktisk bidrar til å auke pasienttryggleiken. Helse Førde er samd i at dette gir vektige argument for å fjerne nivåkravet. Samstundes er det viktig at utdanningsinstitusjonen sikrar same sluttkompetanse som tidlegare.

Andre argument frå høyringsnotatet for å fjerne nivåkravet er mellom anna at det svekka prinsippet om generell studiekompetanse som opptakskrav, at det hindrar utdanningsinstitusjonane i å fylle studieplassane og at søkarar må bruke tid på å forbetre karakterar. Helse Førde støttar dette. Samfunnet har ikkje høve til å bruke meir tid enn naudsynt slik situasjonen er no, med stort behov for helsepersonell.

Oppsummert er det lite som tyder på at vi oppnår betre kvalitet ved hjelp av nivåkrav. Helse Førde vil understreke at det er viktig at kravet til innhaldet og gjennomføringa i utdanninga vert oppretthalden, slik at kvaliteten på sluttkompetansen til sjukepleiarane er den same som i dag når dei kjem ut i yrkeslivet.

Det er føreslege trinnvis endring frå studieopptaket 2024- 2025. Utdanningsinstitusjonane kan ha lokale opptak for søkjarar som ikkje møter krava, dersom det er ledige studieplassar

etter hovudopptaket. Det innebære at vi allereie frå i år vil kunne få fleire studentar på sjukepleieutdanninga og det er positivt.

På bakgrunn av ovannemnde støttar Helse Førde forslag til endring av nivåkrav for bachelor sjukepleie i opptaksforskrifta.

Vennleg helsing
Helse Førde

Arve Varden
Administrerende direktør

Anne Kristin Kleiven
Utviklingsdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent

Digital kommunikasjon

Vi har elektronisk saksbehandling og er opptekne av at informasjon, også underlagt teieplikt, skal kunne sendast på ein rask og sikker måte. Vi ber derfor om at eit eventuelt svar på denne førespurnaden blir sendt gjennom ein av desse kanalane:

- Privatpersonar og private verksemder: [eDialog](#)
- Offentlege verksemder: eFormidling (via eige saks-/arkivsystem)

